



Hkh Bygg Og Eiendom As
Mjåtveitstø 33A
5918 Frekhaug

Referanser:
Dykkar:
Vår: 22/3672 - 22/45895

Saksbehandlar:
Kjartan Medaas
kjartan.medaas@alver.kommune.no

Dato:
14.06.2022

Førebels svar med trong for tilleggsopplysningar - gbnr 322/111 Mjåtveit

Tiltak: Søknad om deling
Byggjestad: Gbnr 322/111
Tiltakshavar: Hkh Bygg Og Eiendom As

Kommunen stadfestar å ha motteke dykkar søknad 02.05.2022.

Vi trenger meir dokumentasjon i saka

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig. Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande dokumentasjon:

1. Det går ikkje fram av søknaden kva for parsell som skal delast frå bnr.111 og kva parsell som behalda bnr.111.
2. Dersom det er parsell 1 som skal delast frå må det leggjast fram erklæring om vegrett over gbnr 322/111 og over gbnr 322/16.

Dersom det er parsell 2 som skal delast frå må det leggjast fram erklæring om vegrett for gbnr 322/111 over den nye grunneigedomen i tillegg til over bnr.16. Ein kan la rubrikk for bnr. i punkt 3A stå ope for utfylling når nytt bruksnummer er tildelt.

3. Likeins må det leggjast fram erklæring om rett til å ha Va leidningar liggande på gbnr 322/16 og eventuelt over gbnr 322/111 dersom det er parsell 1 som skal delast frå.
4. Sidan omsøkt parsell ligg utanfor godkjent reguleringsplan må det søkjast om utvida bruk av avkøyrsla frå fylkesveg 564- Rosslandsvegen. Søknad om avkøyrsla gjer ein på Statens vegvesen si heimeside.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt inn samla innan 17.07.2022. Dersom informasjonen ikkje er sendt til kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

GENERELL INFORMASJON

Det er ditt ansvar å levere en komplett søknad

Det vert gjort merksam på at dette ikkje er ein fullstendig gjennomgang av søknaden. Denne tilbakemeldinga er gjort på bakgrunn av dei forholda som er kontrollert ved kommunen sin mottakskontroll. Vi oppmodar søkjar om å ta ein ny gjennomgang av søknaden før innsending av etterspurd dokumentasjon slik at ein unngår ytterlegare forseinkingar i saksgangen.

Sakshandsamingsfrist

Tidsfristar for sakshandsaming går fram av plan- og bygningslova § 21-7, jf. SAK § 7-1.

Gebyr

Gebyr vert rekna ut i frå Lokal forskrift om gebyr for teknisk forvaltningsteneste. Det vert sendt ut krav om gebyr i samsvar med gjeldande forskrift når saka er ferdig handsama.

Med vennleg helsing
Alver kommune, Plan og byggesak

Are Frøysland Grande

Kjartan Medaas

Avdelingsleiar

avdelingsingeniør

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Hkh Bygg Og Eiendom As

Mjåtveitstø 33A

5918

Frøkhaug